



Bø, 14.09.2020

Vestfold og Telemark fylkeskommune
Kultur
Prosjektgruppa for arkiv og museum

Høyringsinnspel til arkivutgreiing Vestfold og Telemark fylkeskommune

Den nye fylket Vestfold og Telemark er under utforming, og dei mange tilpassingane og samordningane som må til, gir spennande tider på mange felt, deriblant museum og arkiv. Arkivutgreiinga som nå er ute til høyring, har blitt eit omfattande dokument. Det synest å vera ei grundig framstilling, ikkje minst bakgrunnsdelen med historikk, arkivpolitikk og lov- og regelverk.

I praksis er dette ei utgreiing om privatarkiv, ettersom fylkeskommune og kommunar brukar IKA Kongsberg som depotinstitusjon. Utgreiinga nemner denne problemstillinga, men synest å slå seg til ro med arbeidsdelinga som nå gjeld på arkivfeltet. Likevel kan det vere grunn til å peike på at den inndelinga av ”arkiv-regionar” som ein nå har, samsvarar lite med dei nye fylka – det ville ikkje vera urimeleg å vurdere ei omfordeling her på sikt, forutsett at det nye Viken blir ei varig løysing. Med større fylke/regionar er dei kanskje store nok til å løyse oppgåvene innafor egne grenser?

Utgreiinga refererer dei tre skriftlege innspela som har kome i trinn to av prosessen. Frå Folkemusikkarkivet sitt innspel har ein tolka det slik at at dette arkivet ”ikke bevarer arkivmateriale som er skapt av andre enn institusjonen selv, det vil si at folkemusikkarkivet ikke tar imot og bevarer privatarkiv” (s 65). Dette er ikkje rett. Folkemusikkarkivet har enkelte privatarkiv, slik det også går fram av arkivstatistikken. Men, som vi skriv i vårt innspel, ein vesentleg del av materialet som finst i samlinga vår, er skapt av arkivet sjølv. Det er i dette forholdet folkemusikkarkivet skil seg noko frå dei fleste verksemdar som bevarar privatarkiv. Vidare har også utgreiinga ei heller fri tolking av vår gjennomgang av moglege framtidige organiseringar av folkemusikkarkivet. Vestfoldarkivet og ”ulike museumsmodeller med utgangspunkt i Telemarksarkivet” er ikkje nemnt i denne samanhengen i vårt innspel, slik utgreiinga seier.

På privatarkivfeltet i det nye fylket vårt har vi ei større, etablert arkivverksemd i Vestfold, og eit relativt nytt nettverk i Telemark med tre mindre aktørar. Utgreiinga drøftar ulike organisatoriske variantar, men synest å vere klar på at Vestfoldarkivet (med nytt namn) overtar ansvaret for heile fylket. Ein tenker seg så at nettverket Telemarksarkivet kan gjerast om til eit museumsnettverk (for arkiv) for heile fylket, men det er meir uklart kva rolle ein tenker at eit slikt nettverk i praksis skal ha i ein ny struktur. Å legge til rette for fagleg fellesskap og utviklingsmiljø må vel vere eit ansvar for arkivinstitusjonen sjølv.

Ei stor utfordring når det gjeld organiseringa av privatarkiv i Vestfold og Telemark, blir å samordne aktiviteten i verksemder med ulik eigarskap. Ein ønsker å bygge vidare på det gode arbeidet som er gjort i begge dei tidlegare fylka, men mens Vestfoldmuseene er eit IKS, der fylkeskommunen er inne som eigar, er dei tre konsoliderte museumseiningane i Telemark sjølvveigande stiftingar. Som utgreiinga peikar på, kan ikkje fylkeskommunen bestemme endringar i aktivitet eller organisering i sjølvstendige verksemder. Men den som løyver midlar, er også i posisjon til å påverke, det såg vi til dømes i samband med museumsreforma for nokre år sidan. Ei samordning vil måtte medføre endringar, og dessverre ikkje alltid til det betre for alle partar.

Utgreiinga nemner skilnadene i arkivstruktur i dei to tidlegare fylka – Vestfolds sentraliserte modell mot ein meir desentralisert i Telemark – men meiner at denne motsettinga ikkje må ”overspilles” (s. 59). Strukturskilnadene kan seiast å avspegle grunnleggjande skilnader i dei to distrikta, Vestfold med sine byar og sitt vesle areal mot Telemarks større område med spreidd folkesetnad. Ein bør nok ikkje undervurdere kva for utfordringar dette kan skape generelt for samordning og organisering av tenester i det nye fylket.

Samanslåingar, anten det gjeld fylkeskommunar eller verksemder som arkiv og museum, kan gje fordelar på mange område, men sentraliseringa som det medfører, er ofte til ulempe for publikum/brukarar. Balansegangen mellom desse omsyna er ei anna stor utfordring i den prosessen vi nå er inne i. Uansett kva for organisatorisk løysing som blir valt i Vestfold og Telemark, så bør arkivtenestene vere desentralisert, slik at nærleiken mellom arkivskaparar/brukarar og arkivinstitusjon blir oppretthalde. Dette omsynet gjeld for ordinære arkivinstitusjonar med privatarkiv på same måte som for folkemusikkarkiv. Så må dette omsynet vegast mot andre – som ressursar, rasjonell drift, stillingsstorleikar og fagmiljø. For musea og deira formidlingsarbeid er den nære kontakten med privatarkiva ein klar fordel. Men arkiv er eit eige felt som krev dedikerte og kompetente tilsette. Manglande ressursar til drift av arkiv kan vere ei enda større utfordring ved museum som har privatarkiv som ein liten del av si verksemd, enn ved reine arkivverksemder. Små stillingsdelar hos tilsette som har hovudengasjementet sitt i anna arbeid, er ikkje vegen å gå.

Frå vår ståstad i Folkemusikkarkivet i Telemark vil vi presisere at Vestfold manglar eit folkemusikkarkiv, som eitt av få område i landet. Dette blir også omtalt i ei utgreiing frå Rådet for folkemusikk og folkedans frå 2013, *Situasjonen for de norske folkemusikkarkivene*. Det finst eit miljø i Vestfold som brenn for dette, og det finst noko innsamla materiale, men ingen stillingsressurs som er øremerka arbeid med dette materialet, vidare innsamling og formidling på fagleg grunnlag. Dette er ikkje nemnt i utgreiinga, men bør tas med som eit behov i det vidare arbeidet med ny organisering av privatarkiv.

Venleg helsing

Kari Lønnestad
Folkemusikkarkivet i Telemark